LINDÅS KOMMUNE
Vegavdelinga

Bent Arne Rognaldsen
Kvalvågnesvegen 681
5956 HUNDVIN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Irene Wilhelmsen | 19.06.2018 |
| Vår: 18/749 - 18/19793 | Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no | |

# Tillatelse til utvida bruk av avkøyrsle frå kommunal veg - gbnr 55/39

**Tiltak:** Utvida bruk av avkøyrsle
**Byggjestad:** Gbnr: 55/39 Hundvinsvegen
**Tiltakshavar:** Bent Arne Rognaldsen
**Ansvarleg søkjar:** Seim Bygg AS

Delegasjonssak nr.: 313/18

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for 2 bustadeiningar datert 04.05.2018.

**Saksutgreiing:**
Informasjon om saka:
Det skal byggjast 2 nye bueiningar i Hundvinsvegen.
Det har tidlegare vorte gitt løyve på vilkår om utbetring av kommunalt kryss ved fylkesveg 57.
Det ligg no føre vegrett på den priate vegen via Tveitarås og avkøyring mot Trælandsvegen.

Vurdering/drøfting:
Vegavdelinga ynskjer ikkje meir trafikk langs den kommunale vegen, Hundvinsvegen, som i dag er gang-/sykkelveg med tilkomst til bustader og barnehage. Grunngjevinga er kryssløysinga mellom 2 kommunale vegar ved avkøyring til fylkesveg 57. Krysset mot Trælandsvegen er mindre trafikkert og kommunen vil kunne gi utvida bruk til avkøyring frå Trælandsvegen.
I førehandsuttalen vart fylgjande skissert:
Vegavdelinga ser at det kan bli problem for større køyretøy å nytte Trælandsvegen. Det vil difor vere mogleg å få dispensasjon til bruk av vegen forbi barnehagen i byggeperioden.
Ein slik dispensasjon vil krevje tett samarbeid med barnehagen for å unngå trafikk til byggeplass i dei mest trafikkerte bringe-/hente periodane. Dette for å unngå farlege situasjonar i krysset mellom dei 2 kommunale vegane og fv57, samt uønska situasjonar utanfor barnehagen.
Vegen vert og nytta av dei små til og frå aktivtetar, så alle som arbeider ved og har leveransar til byggeplass, må gjerast merksam på at det på vegen i periodar kan vere mange små born.
Det bør og samkøyrast med barnehagen dersom det i periodar vil vere mykje eller auka trafikk.
Samandrag/konklusjon:

Det gis løyve til utvida bruk av avkøyrsle frå kommunal veg via Trælandsvegen, KV 1201.
Vegavdelinga ynskjer å gjere merksam på at vegen forbi barnehagen er gang- og sykkelveg med tilkomst til dagens bustader og barnehage. Vegen er og skuleveg for borna på Bruollsida. Dersom det vert oppdaga auka trafikk etter innflytting, kan alternativet bli å stenge den private avkøyrsla ved barnehagen for køyretøy.

**Vedtak:**
Lindås kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsel til kommunal veg, KV 1201 Trælandsvegen, med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Det må søkjast dispensasjon for bruk av gang-/sykkelveg, Hundvinsvegen KV 1131 HP1 (vegen forbi barnehagen), dersom denne skal nyttast i anleggs- og byggeperioden.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Bortfall av løyve**
Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Rune Kilen | Irene Wilhelmsen |
| avdelingsleiar | ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bent Arne Rognaldsen | Kvalvågnesvegen 681 | 5956 | HUNDVIN |
| Seim Bygg AS | Nesbrekka 28 | 5912 | SEIM |